

# **Rettslege avgrensingar for å nytte sivile framkomstmiddel i oppdragsløysing**

**juridisk oppgåve**

**BACHELOROPPGAVE (BOPPG30)**

**Politihøgskolen**

**2019**

Kand.nr : 286

Antall ord: 5848

## Innholdsliste:

<b>1 Innleiing:</b> .....	<b>3</b>
1.1 Tema.....	3
1.2 Problemstilling:.....	4
1.3 Avgrensing og oppbygning:.....	4
<b>2.0 Rettskildebilete og metode</b> .....	<b>5</b>
<b>3.0 Hovuddel:</b> .....	<b>6</b>
3.1 Alminneleg handlefridom:.....	6
3.2 Legalitetsprinsippet:.....	7
3.3 Samtykke.....	9
3.4 Generelle bestemminga for politiet.....	11
3.5 Nødrett.....	12
3.5.1 Generelt om Nødrett.....	13
3.5.2 Nødrettssituasjonen.....	14
3.5.3 Nødrettshandlinga.....	16
3.6.4 Skadeerstatning.....	16
<b>4.0 Avslutning</b> .....	<b>17</b>
<b>5.0 Litteraturliste</b> .....	<b>18</b>
5.1 Litteratur.....	18
5.2 Lover og forskrifter:.....	19
5.3 Domsregister:.....	20
5.4 Offentlege dokument:.....	20

# 1 Innleiing:

## 1.1 Tema

Temaet i denne oppgåva bygger på ei oppleving eg hadde i praksisåret mitt. Under utrykking til eit oppdrag opplevde vi at tenestebilen streika, og vi blei ståande fast ein halv time frå åstaden. Politiloven<sup>1</sup> §2, nr. 1, stadfestar at politiet skal «*Beskytte person, eiendom og fellesgoder og verne om all lovlig virksomhet, opprettholde den offentlige orden og sikkerhet og enten alene eller sammen med andre myndigheter verne mot alt som truer den alminnelige tryggheten i samfunnet*». Geografiske tilhøve og ei utfordrande demografisk spreing av befolkninga gjer dette til ei utfordrande oppgåve. I denne oppgåva ønskjer eg derfor å sjå nærmare på kva moglegheiter politiet har i situasjonar der dei sjølv ikkje har framkomstmidla som trengst for å kunne utføre samfunnsoppgavet sitt. Dette kan være av ulike årsakar; enten fordi politiet ikkje har det aktuelle framkomstmiddelet tilgjengelig av ressursmessige årsaker, eller som eg sjølv opplevde i praksisåret mitt, at tekniske problem set framkomstmiddelet ut av spel.

Kor sårbar denne beredskapen kan være fekk eg som nemnt kjenne på i løpet av praksisåret mitt. Under utrykking til ein pågåande brann streika tenestebilen, og vi blei ståande på ein busshaldeplass omlag ein halvtime frå åstaden. Brannen blei heldigvis fort sløkka, og vi hadde ei patrulje til på vakt som kunne rykke ut å ta hand om dei politifaglige oppgåvene. Den ekstra halvtimen politiet brukte til staden var sjølv sagt uheldig, men blei heldigvis ikkje skjebnesvanger denne dagen. Då vi eit par veker seinare igjen køyrde utrykking forbi den same busshaldeplassen kjende eg sterkt på behovet for å ha ein plan B i bakhand, i tilfelle noko liknande skulle hende att. Denne dagen hadde operasjonssentralen motteke ei svært dramatisk melding om det som tilsynelatande såg ut som ein medvitslaus person liggande i eit hus, der tilhøva gjorde det uforsvarlig å sende inn ambulansen på staden utan bistand frå politiet. Det kunne potensielt stå mellom liv og død, og det var ingen tid og miste. Eg kjende det knytte seg i magen med tanken på å bli ståande fast att.

Eit anna sentralt døme på korleis mangelen på framkomstmiddel kan være problematisk for politiet er det symbolske bilete av tungt væpna mannskap frå den norske beredskapstroppen, tett saman i ein overfylt gummibåt på vei over Tyrifjorden til Utøya den 22.juli 2011. Det blei

---

<sup>1</sup> Lov 4. august 1995 nr. 53 om Lov om politiet (Politoloven)

etterkvart innsatsen frå sivile båtar som fekk frakta mannskapa frå beredskapstroppen over til øya, etter at motoren på den overfylte politibåten stoppa opp.<sup>2</sup>

Det å kjenne til aktuelt lovverk, og ha ei god formeining om korleis ulike utfordringa kan løysast innanfor dei rettslege rammene vil være ein faktor innanfor mental førebuing.<sup>3</sup> Ved å være mentalt førebudd har man ein betre føresetnad for å lykkast i ein ukjent situasjon, det gir ei auka kjensle av kontroll, auka fokus og ein blir meir handlingsorientert.<sup>4</sup> I tillegg vil det frigjere verdifull mental kapasitet i ein potensielt krevjande situasjon.

Med dette bakteppet vil denne oppgåva tematisere politiets bruk av sivile framkomstmiddel i politiets oppdragsløysing i eit juridisk perspektiv.

## 1.2 Problemstilling:

Den overordna problemstillinga i oppgåva vil være:

*Kva rettslege avgrensingar er det for politiets anledning til å nytte sivile framkomstmiddel i oppdragsløysing?*

## 1.3 Avgrensing og oppbygning:

Denne oppgåva vil tematisere dei juridiske avgrensingane for å nytte seg av sivile framkomstmiddel i politiets ordensteneste. Denne oppgåva definerer sivile framkomstmiddel som private framkomstmiddel disponert av ein tredje person. Framkomstmiddel som inngår i eventuelle planlagde samarbeid med politiet, vil falle utanfor oppgåvas område.

Oppdragsløysing vil i oppgåva vise til gjennomføring av politiets ordensteneste etter definisjonen «*Den målrettede forebyggende og hendelsesstyrte patruljetjenesten som politiet utfører for å hindre eller gripe inn overfor forstyrrelse av den offentlige ro og orden eller trusler mot enkeltpersoners eller allmennhetens sikkerhet, samt for å avverge eller stanse lovbrudd*»<sup>5</sup>. Derunder med fokus på den hendingstyrte patruljetenesta for å gripe inn ovanfor truslar mot enkeltpersonars eller allmentas sikkerheit, og for å avverje eller stanse lovbrøt.

Oppgåva vil avgrense seg opp mot anledninga til å nytte framkomstmiddelet. Eventuelle problemstillingar som kan knytast opp mot bruken, som til dømes formell kompetanse til å føre framkomstmiddelet, og teknisk stand vil falle utanfor oppgåvas rammer.

---

<sup>2</sup> NOU 2012: 14 Rapport fra 22.juli-kommisjonen s.30

<sup>3</sup> Kjetil Edvindsen, *Ordenstjeneste*, Drammen 2016 s.141.

<sup>4</sup> Patrick Risan og Tom Hilding Skoglund, *Psykologi i operativ tjeneste – stress og psykiske lidelser*, Oslo 2013, s. 70.

<sup>5</sup> Edvindsen 2016 s.14

Vidare i oppgåva vil det bli greidd ut om kva som legg grunnlaget for politiets inngrep overfor borgarane, samt aktuelt heimelsgrunnlag. I oppgåvas avsluttande del vil dei sentrale elementa bli samanfatta og retta direkte mot problemstillinga, for å forsøke å klargjere dei juridiske rammene for politiets bruk av sivile framkomstmiddel, og gi eit innblikk i kva situasjonar dette kan tenkast å være aktuelt.

## 2.0 Rettskildebilete og metode.

Juridisk metode vil bli nytta for å belyse gjeldande rett. Ved å nytte overordna reglar og prinsipp i juridisk metode kan vi komme til ein god rettsleg argumentasjon for å belyse problemstillinga, ved hjelp av relevante rettskjelder. Det finst inga konkret regulering av problemstillinga, spørsmålet må difor løysast ved å tolke andre aktuelle rettsgrunnlag og generelle rettsprinsipp. For å belyse generelle rettsprinsipp vil det være aktuelt å nytte rettskjelder frå andre område. Alminneleg handlefridom, legalitetsprinsippet, samtykke, generelle bestemminga for politiet og nødrett vil være sentrale element i oppgåva.

Det finst lite rettspraksis på området og oppgåva vil derfor i hovudsak ta utgangspunkt i lover, forarbeid, forskrifter og relevant litteratur. Det finst fleire tenkjelege årsakar til at det finst lite rettspraksis på området. Det kan blant anna tenkjast at det er sjeldan politiet kjem opp i slike tilfelle, og det då gjerne ikkje blir problematisert i den grad det kjem til retten.

Straffelovens<sup>6</sup> §17 om nødrett vil ha ei sentral rolle i oppgåva. Strl. §17 erstattar det som tidlegare var §47 i Straffeloven 1902<sup>7</sup>. I forarbeidet til lova kjem det fram at den nye bestemminga «*viderefører og presiserer §47 i straffeloven 1902 i samsvar i det vesentlige med gjeldende rett. Omfanget av nødretten utvides i imidlertid noe i forhold til gjeldende rett fordi kravet til interesseovervekt senkes noe*»<sup>8</sup>. Endringane i ordlyden medfører dermed ikkje vesentlige endringar i rettstilstanden på området, og rettskjelder i tilknytning til den gamle straffelova vil derfor fortsatt ha relevans for tolkinga av nødrett-bestemminga med føresetnad om at ein tek omsyn til at omfanget til bestemminga er noko utvida i forhold interesseovervekt.

Politiinstruksen<sup>9</sup> er heimla i Politiloven §29. Denne inneheld grunnleggande bestemminga for utøvinga av politimyndigheit. Pi §1-2 slår fast at instruksen gjeld når det vert utført oppgåver

---

<sup>6</sup> Lov 20.mai 2005 om Lov om straff (Straffeloven) heretter forkortet strl.

<sup>7</sup> Lov 22.mai 1902 om Almindelig borgerlig Straffelov (Straffeloven 1902)

<sup>8</sup> Innst. O. Nr. 72 (2004-2005) *Innstilling fra justiskomiteen om lov om straff* (Straffeloven) s. 44

<sup>9</sup> Forskrift 22.juni 1990 nr: 3962 om Politiets alminnelige tjenesteinstruks (politiinstruksen)

som politiet er pliktige til etter lov, og vil derfor være gjeldande for oppgåvas virkeområde jf. Politiloven §2. Politiinstruksen inneheld tenestereglar for korrekt utføring av tenesta som er retta internt i politietaten. Desse kan ikkje nyttast som sjølvstendig rettsgrunnlag for inngrep ovanfor borgarane, men instruksen vil ha betydning for oppgåva då den legg rammene for politiinngrep og såleis vil være eit tolkingsmoment i juridisk metode ved å legge rammer for korleis ein skal tolke eventuelle heimlar.<sup>10</sup>

### 3.0 Hovuddel:

For å svare på problemstillinga må vi sjå nærmare på kva faktorar som legg styringa for politiets yrkesutøving. Må politiet ha heimel i lov når dei handlar for å løyse sine lovpålagte oppgåver?

#### 3.1 Alminneleg handlefridom:

Det «*generelle utgangspunktet om at rettssubjekter har adgang til å foreta seg det som rettsordenen ikke har satt begrensinger for*»<sup>11</sup> blir kalla den alminnelege handlefridom.

Dagens lovverk er bygd på denne føresetnaden om handlefridom for individa.<sup>12</sup> Det er lagt til grunn ei «*herskende lære om at politiet i medhold av den alminnelige handlefrihet kan foreta handlinger som ikke er straffbare*»<sup>13</sup>. Når politiet tek kontakt med folk på gata, og køyrer rundt å patruljerar, er dette med grunnlag i denne fridommen.

Den førebyggande verksemda til politiet har også i stor grad tatt utgangspunkt i denne fridommen, og synspunktet har vore at politiet kan gjere det same som ein kvar utan og bli straffa. Det er derimot vanskeleg og sette ei absolutt grense for kor langt denne fridommen rekker som grunnlag for politiets handlingar, og fleire problematiserer bruken opp mot legalitetsprinsippet.<sup>14</sup>

Graver slår fast at «*det offentlige har samme handlefrihet som private, og må, i mangel av særlig hjemmel, holde seg innenfor de samme rettslige begrensinger som gjelder for private*».<sup>15</sup> Dette følger av Lex-superior prinsippet, som saman med legalitetsprinsippet utgjer dei mest sentrale skrankane for politiets myndigheitsutøving, og set grensene opp i mot den

---

<sup>10</sup> Ragnar L. Auglend og Henry John Mæland, *Politirett*, 3. utgåve, Oslo 2016 s. 129-133

<sup>11</sup> M, Byrkjedal, *Den alminnelige handlefrihet som begrunnelse for politimetoder*. (Mastergradsavhandling). Universitetet i Oslo (2018) s. 1

<sup>12</sup> Erik Boe, *Oversikt over Forvaltningsretten*, Oslo 1993 s.48

<sup>13</sup> NOU 2004: 6 Mellom effektivitet og personvern – Politimetoder i forebyggende øyemed, s. 66

<sup>14</sup> NOU 2004: 6 s. 45

<sup>15</sup> Hans Petter Graver, *Alminnelig Forvaltningsrett*, Oslo 1999 s.210

alminnelege handlefridom.<sup>16</sup> Lex-superior prinsippet inneberer at det ikkje kan handlast i strid med regelverket, dersom det ikkje finst annan heimel i rettsnorm med minst same rettsleg nivå. Dette medfører at politiet i utgangspunktet ikkje kan handle i strid med lov sjølv om det skjer for å løyse sine lovpålagte oppgåver.<sup>17</sup> Her under faller den europeiske menneskerettigheitskonvensjonen som ble gjort til norsk lov ved menneskerettslova som blant anna gir vern til individets fridom, borgaranes privat- og familieliv, ytringar, og eigendomsrett. Desse rettane har forrang i møte med annan norsk lov jf. menneskerettsloven<sup>18</sup> §3 og set skrankar for korleis ein skal forstå lover og heimelsgrunnlag, då desse må tolkast innanfor rammene til EMK.

### 3.2 Legalitetsprinsippet:

Legalitetsprinsippet legg vidare rammene for statens, og derunder politiets myndigheitsutøving ovanfor borgarane. Ved å pålegge myndigheitene at handlinga eller slutninga som pålegg borgerane byrder, eller grip inn i deira rettigheite må være forankra i lov, skal dette være med på å verne om demokratiets legitimitet og i tillegg til den enkeltes fridom og rettstryggleik.<sup>19</sup> I tillegg har legalitetsprinsippet ein viktig funksjon med å sikre forutberekelegheit for borgerane, slik dei kan gjere seg kjend med lovar og reglar ved å lese i lovverket.<sup>20</sup>

Det alminnelege legalitetsprinsippet var fram til 2014 ulovsfesta i Noreg, men var rekna som prinsipp av grunnlovs rang.<sup>21</sup> I 2014 blei legalitetsprinsippet formalisert å skriven inn i grunnlova<sup>22</sup> §113 og lyder der «*Styresmaktene må ha grunnlag i lov for å gripe inn overfor einskildmennesket*». Formaliseringa av prinsippet medførte i praksis inga endring i rettstilstanden, men hadde som formål å «*synleggjøre prinsippet og samtidig vise at det fungerer som en reell skranke for maktavernes myndighetsutøvelse.*»<sup>23</sup>

Det har vore diskutert i juridisk litteratur kor vidt legalitetsprinsippet omfatta faktiske handlingar, derunder store deler av politiets ordensteneste. Den tradisjonelle og materielle

---

<sup>16</sup> Auglend og Mæland (2016)

<sup>17</sup> NOU 2004: 6 pkt. 5.3

<sup>18</sup> Lov 21.mai 1999 nr.30 om Lov av styrking av menneskerettighetenes stilling i norsk rett(menneskerettsloven)

<sup>19</sup> Auglend og Mæland (2016) s. 161

<sup>20</sup> Steinar Fredriksen, *Lovbrudd, skyld og straff: Hovedlinjer i alminnelig strafferett*, Oslo 2016 s. 60

<sup>21</sup> Auglend og Mæland (2016) s. 159

<sup>22</sup> Lov 17. mai 1814 om Kongeriket Noregs grunnlov (Grunnlova)

<sup>23</sup> Dokument 16 (2011-2012) Rapport til Stortingets presidentskap fra Menneskerettighetsutvalget om menneskerettigheter i Grunnloven. s. 248

forståelsen av legalitetsprinsippet stadfester at «*det offentlige trenger hjemmel for å kunne gripe inn overfor den enkelte uten hensyn til hvordan myndighetsutøvelsen måtte arte seg, eller hvilken form inngrepet måtte ha*». <sup>24</sup> Dette synet har vore utfordra av det formelle/ negativt formulerte legalitetsprinsippet som «*innebærer at den beslutning som mangler annet kompetansegrunnlag, må utlede sin kompetanse fra lov*». <sup>25</sup> Det seier altså noko om når offentlig myndigheiter har kompetanse til å treffe slutningar, og omfattar slik bære normgiving og ikkje faktiske handlingar.

Når legalitetsprinsippet blei formalisert i grunnlova var det med utgangspunkt i den tradisjonelle forståinga. Dette grunnjev menneskerettigheitsutvalet med at «*en slik formulering vil få fram det poeng at det er uten betydning for kravet om lovhjemmel hvorvidt offentlige myndigheter treffer beslutninger eller utøver faktiske handlinger*». <sup>26</sup> Det blir også lagt vekt på at Høgsterett legg til grunn ei tradisjonell forståing av prinsippet gjennom Rt. 2010 s. 612. Der det blir slått fast at i «*norsk rett gjelder et alminnelig krav om hjemmel eller rettsgrunnlag ikke bare for vedtak, men også for faktiske handlinger som kan sies å virke inngripende for enkeltpersoner (...) Dette kravet springer ut av det alminnelige legalitetsprinsippet*». Det er altså ingen grunn til å sette tvil ved legalitetsprinsippet's betydning ovanfor myndigheitenes faktiske handlingar.

Det vil her være legalitetsprinsippet's betydning for faktiske handlingar som vil ha relevans for oppgåva. Eit sentralt spørsmål for å trekke linja mellom den alminnelege handlefridom og legalitetsprinsippet er når politiets handlingar må reknast som eit verna inngrep. Inngrep kan i denne samanheng forståast som «*at noen pålegges å gjøre, tåle eller unnlate noe, men da slik at det må dreie seg om et kvalifisert (inngripende) forhold, som rammer den enkelte*». <sup>27</sup> Hopsnes og Solberg beskriver dette som eit spørsmål om «*konkrete fysiske handlinger utgjør et inngrep i borgerens frihet eller rettigheter i formuesgoder*». <sup>28</sup> Augeland og Mæland legg vekt på at det må gjerast ei heilskapleg vurdering, der tiltakets art, innhald og konsekvensar vil være sentrale faktorar for å avgjere kor vidt det er snak om eit inngrep. Det er vidare lagt

---

<sup>24</sup> Augeland og Mæland (2016) s. 159

<sup>25</sup> Dokument 16 (2011-2012) Rapport til Stortingets presidentskap fra Menneskerettighetsutvalget om menneskerettigheter i Grunnloven. s. 247

<sup>26</sup> Dokument 16 s. 249

<sup>27</sup> Augeland og Mæland (2016) s. 159

<sup>28</sup> Roald Hopsnes og Raymond Solberg, «Legalitetsprinsippet», *Jussens venner*, 2005 s. 119



til grunn ein låg terskel for at ei handling frå myndigheitene skal kunne reknast som eit inngrep.<sup>29</sup>

Med dette bakteppet, kan vi slå fast at det å nytte sivile framkomstmiddel vil være å rekne som eit inngrep. Dette er i tråd med Hopsnes og Solbergs forståing, der dei slår fast at formuesgode er verna for inngrep av legalitetsprinsippet i kraft av menneskets interesse i desse formuesgodane, og «*fysisk bruk av andres eiendeler, løsøre eller fast eiendom, - vil klart være et inngrep*»<sup>30</sup>. Vi kan dermed konkludere med at hovudregelen er at politiet må ha «*grunnlag i lov*»<sup>31</sup> for å nytte sivile framkomstmiddel.

Forsvaret har gjennom rekvisisjonslova<sup>32</sup> ein vid tilgjenge til å rekvirere nødvendige materiell, derunder kjøretøy når riket er i krig. Politiet har som tidligare nemnt inga konkret regulering som gir det nødvendige grunnlaget i lov for å nytte sivile framkomstmiddel, og vi må derfor vurdere om det er andre rettsgrunnlag som gir dette, eller om det eventuelt kan tenkast unntak frå hovudregelen.

### 3.3 Samtykke

I følge den romerske læresetninga «*volenti non fit injuria*» vil den som samtykka ikkje lide urett. Kor vidt samtykke i røynda kan erstatte heimel i lov er eit omdiskutert tema i juridisk teori. NOU2004:6 slår fast at samtykke er aktuelt som rettsgrunnlag for fleire politimetodar, då den som samtykker vanskelig kan seiast å være utsatt for eit inngrep. Samtykke er i tillegg rekna som ein straffefridomsgrunn i norsk rett, men i motsetning til andre straffefridomsgrunnar som nødrett og nødverje er den rekna som lite eigna for generell regulering, og ei generell bestemming er derfor ikkje å finne i straffelova.<sup>33</sup>

Samtykke frå eiger eventuelt disponent av framkomstmiddelet kan være eit potensielt unntak frå hovudregelen om at politiet må ha «*grunnlag i lov*» for å nytte eit sivilt framkomstmiddel. Som Hopsnes og Solberg slår fast, er formuesgoder verna for inngrep av legalitetsprinsippet i kraft av menneskets interesse i desse formuesgodene. Når personen vel å samtykke, vil det ikkje være i strid med desse interessene då sjølvbestemningsretten gir kompetanse til å bestemme over eigne formuesgoder.

---

<sup>29</sup> Anine Kierulf, Norsk lovkommentar til grunnloven §113, note 256B(21.12.2018), henta frå rettsdata.no

<sup>30</sup>Hopsnes og Solberg (2005) s. 121

<sup>31</sup> Grunnloven §113

<sup>32</sup> Lov 29. juni 1951 om Lov om militære rekvisisjoner (rekvisisjonsloven)

<sup>33</sup> Innst.O. Nr. 72 – 2004-2005

Det finnest ingen legaldefinisjon av samtykke, noko som gjer det utfordrande å trekke dei eksakte linjene for kva som krevjast av eit samtykke. I NOU2004:6 blir bruken av samtykke som heimel i førebyggjande verksemd diskutert. Der blei det lagt til grunn at det må stillast strenge krav til eit samtykke. Eit krav må være at samtykket vert gitt av den som blir utsatt for inngrepet. Opp i mot bruk av framkomstmiddel vil det då være naturleg at samtykke blir gitt av eigar eller disponent av framkomstmiddelet.

Vidare må det være eit «*grunnvilkår for samtykke at det er avgitt under inntrykk av et reelt valg*»<sup>34</sup> Dette inneberer at politiet ikkje kan presse fram eit samtykke, eller gi uttrykk for at inngrepet kjem til å bli gjennomført uavhengig av samtykke. Da vil ikkje samtykke lenger kunne reknast som frivillig.

Det må også være tydelig kva samtykket inneberer, politiet kan ikkje gå lenger i bruken enn det som var føresetnaden når samtykket blei gitt. Har politiet fått samtykke til å nytte ein båt for å stoppe ein rusa båtførar, kan dei ikkje utan vidare nytte båten til å kontrollere om andre båtførarar har promille eller har nødvendig flyteutstyr.

Det stilles heller ingen formkrav til samtykket.<sup>35</sup> Det vil altså være utan betyding om personen eksplisitt uttrykker samtykket, eller om personen rekker fram bilnøkkelen til politiet, så lenge det ikkje føreligg tvil om at det er snakk om eit samtykke. Samtykket kan også tenkast å være gyldig sjølv om vedkommande er mindreårig. Høgsterett har i Rt.2004.849 slått fast at det avgjerande er at «*samtykkende skjønner rekkevidden av handlingen og kan vurdere konsekvensene. Inngrepets art og omfang har derfor stor betydning*».

Om det føreligg element av tvang eller svik, kan dette være ein «*ugyldighetsgrunn*».<sup>36</sup> Visst ein tenesteperson bevisst villeier nokon ved å legge til grunn ein meir alvorleg situasjonen enn det informasjonen som føreligg tyder på for å få samtykke for å nytte eit framkomstmiddel, kan det altså ikkje reknast som eit gyldig samtykke.

Andenæs problematiserer bruken av samtykke opp mot tvangsmiddel som ransaking og seier «*Det er i slike tilfeller så som så med frivilligheten. Personen står ansikt til ansikt med en representant for statsmakten. Han vil gjerne tro at om han sier nei, vil inngrepet likevel bli foretatt, (...)*»<sup>37</sup>. Sjølv om ransaking er i etterforskingssporet, og det er andre omsyn som gjer

---

<sup>34</sup> NOU2004:6 s.47

<sup>35</sup> Magnus Matningsdal. Lovkommentar til Straffeloven 2005: §276. Samtykke fra den fornærmede (2015)

<sup>36</sup> Matningsdal, lovkommentar til strl. §276

<sup>37</sup> Johs Andenæs, norsk straffeprosess bind 2, 3.utg, Oslo 2000, s. 185-186

seg gjeldande vil det være viktig å være bevist på at møte med offentlige tenestepersoner, særst uniformert politi kan gi eit skeivt maktutgangspunkt, der personen føler seg forplikta til å samtykke. Dette kan potensielt tenkast å innebere element av tvang. I utgangspunktet kan ein likevel gå utifrå at dette aleine ikkje skal stå i vegen for at eit samtykke kan gjere seg gyldig som rettsgrunnlag for å nytte sivile framkomstmiddel då det vil være eit vesentlig forskjell mellom ein tvangsmiddel situasjons som ransaking, å det å være ein uavhengig tredjepart som ikkje står i fare for straffeansvar. Det vil likevel være viktig å være bevist på den makta uniforma førespegla.

På generelt grunnlag skal eit samtykke kunne trekkast tilbake, men i forhold til problemstillinga, kan det tenkast å være praktiske utfordringar med dette.

### 3.4 Generelle bestemminga for politiet

Politolovens §6, «Alminnelige regler om hvordan polititjenesten skal utføres» vil være ein sentral bestemming i ei kvar utgreiing av politiets tenesteutføring noko som kjem tydelig fram i forarbeida til lova; «Bestemmelsen angir grunnprinsippene for all politimyndighetsutøvelse. Disse normene kommer i utgangspunktet til anvendelse uavhengig av hjemmelsgrunnlag, og uten hensyn til hvilket saksområde det opereres på»<sup>38</sup>. Det er likevel viktig å merke seg at bestemminga ikkje er meint å tene ei rolle som sjølvstendig heimel for politiinngrep, men i staden regulere bruken av virkemiddel utifrå den enkelte situasjons art.

Frå pl. §6 kan man ta med seg tre grunnprinsipp for utføring av polititjenesta. Dette er behovsprinsippet, forholdsmessighetsprinsippet, også omtalt som proporsjonalitetsprinsippet, og saklegheitsprinsippet. Med andre ord skal eit kvart inngrep være nødvendig, der skal være eit rimelig forhold mellom det man oppnår ved å gripe inn og inngrepets tyngde, og kvart inngrep skal ha ei saklig grunngeving.<sup>39</sup> Dette blir gjerne omtalt som politisære grunnnormer.<sup>40</sup>

Desse rammene for politiets bruk av makt blir vidare supplert av politiinstruksen §§3-1 og 3-2 første ledd, som gir meir konkrete retningslinjer for maktbruken. Også politiinstruksen §7-3, vil ha betyding for oppgåva:

---

<sup>38</sup> Ot.prp. nr.22 (1994-1995) Om lov om politiet (Politoloven)

<sup>39</sup> Steinar Fredriksen og Kai Spurkland, *Ordensjuss*, Oslo 2014, s. 59

<sup>40</sup> Augeland og Mæland (2016) s. 622

*«Dersom en politimann ikke selv eller med de midler som has for hånden, klarer å utføre en pliktig tjenestehandling, skal det snarest mulig søkes hjelp hos andre politimenn.*

*Politimannen bør ikke påkalle hjelp fra privatpersoner under tjenesten med mindre dette antas strengt nødvendig for å gjennomføre en pågripelse eller oppklare et lovbrudd, eller for å avverge angrep mot eller annen fare for person eller eiendom.*

*På anmodning og ellers når andre politimenn antas å trenge hjelp, plikter enhver politimann å yte bistand, så lenge dette ikke medfører en tilsidesetting av andre og viktigere tjenesteplikter.»*

Første og tredje ledd forpliktar polititjenestepersonar til å søke og yte hjelp innbyrdes i politiet i den grad det er praktisk muleg. Andre ledd er særst sentral for oppgåva, og legg retningslinjene for når politiet kan påkalle hjelp frå private. Dette vil avgrense bruken av samtykke som rettsgrunnlag til å nytte sivile framkomstmiddel.

Etter ordlyden *bør*, vil ei naturleg språkeleg forståing vere at det er den korrekte måten å handle på<sup>41</sup>. Det ser ut til å vere plassert ein stad mellom *kan*, som opna opp for ei skjønsmessig vurdering, og *skal*, som gjev klare rammer for korleis ein skal handle. Ei naturleg tolking kan derfor vere at det er sterkt tilrådeleg. Vidare må det *antas* å vere *strengt nødvendig*. I *antas* ligg det at det må vere ei rimeleg moglegheit<sup>42</sup> for at hjelp frå privatpersoner vil vere *strengt nødvendig* for å oppnå formålet med oppdraget. Når noko er nødvendig betyr det at *«resultat ikke kan oppnås på en annen måte eller at det vil kreve vesentlig mer tid eller ressurser»*<sup>43</sup>. Ordlyden strengt skjerpar inn nødvendigheits kravet ytterligare.

### 3.5 Nødrett

I hovudsak vil man finne inngrepsheimlane til politiet i politiloven og straffeprosessloven, men politiet kan også finne heimel for inngrep i andre regelverk. Her vil det vere sentralt å merke seg forskjellen mellom ei straffebestemming og ein inngrepsheimel. Medan ei

---

<sup>41</sup> Se <http://lexin.udir.no/?&ui-lang=nbo&diect=nbo-nny-maxi&search=burde&checked-languages=E&checked-languages=N&checked-languages=NNY> (April 2018)

<sup>42</sup> Geir S. Haugeland, *Norsk lovkommentar til straffeprosessloven §203*, note 1406 (21.09.2016), henta fra rettsdata.no

<sup>43</sup> Tor-Geir Myhrer, *Norsk lovkommentar til politiloven §6*, note 11 (24.10.2018), henta fra rettsdata.no

straffebestemming kan beskrivast som ein «*lovbestemmelse som beskriver ei straffbar handling*» er ein inngrepsheimel ein «*bestemmelse som sier noe om kva politiet kan gjøre*»<sup>44</sup>.

Vi har i punkt 3.2 om legalitetsprinsippet slått fast at utgangspunktet er at politiet treng heimel i lov for å gripe inn overfor borgerane, og då vil det i all hovudsak være snakk om ein inngrepsheimel. Sjølv om straffeloven inneheld straffebestemmingar, er det også nokre av bestemmingane her som kan gi politiet heimel til å handle. Fredriksen & Spurkland understreker at det vil være unaturlig å omtale desse som inngrepsheimlar med tanke på deira tilhald i strafferettens område, men man kan heller seie at «*bestemmelsene gir utrykk for at det finnes en inngrepsadgang*»<sup>45</sup>. Ei slik bestemming er straffeloven §17 om nødrett. Augeland & Meland delar også synet på at §17 kan brukast som rettsgrunnlag for inngrep for politiet, men legg vekt på at dette er avgrensa til akutte og alvorlige situasjonar.<sup>46</sup>

### 3.5.1 Generelt om Nødrett

Nødrettsbestemminga i Straffeloven§17 er å rekne som ein straffefridomsgrunn, noko som kan definerast som «*Ein rettsregel som leder til at gjerningspersonen skal være fri fra straff, til tross for at alle de andre vilkårene for straffbarhet, subjektive så vel som objektive, er oppfylt*».<sup>47</sup> Straffefridomsgrunnane har som formål å gripe inn når lova rammer handlinga som ikkje havnar innanfor lovgivars intensjonar, og som strider med den alminnelege rettskjensla.

Nødretten i seg sjølv kan definerast som «*retten til i en nødssituasjon straffefritt å foreta en ellers straffbar handling for å avverge en fare eller begrense en skade.*»<sup>48</sup> Andorsen introdusere uttrykket «*nød bryter alle lover*» og grunnjev dette med at lovar og reglar er danna på bakgrunn av normalsituasjonen, og det slik kan forklarast at ein i ein nødssituasjon må kunne handle i strid med desse reglane.<sup>49</sup>

Strl. §17 lyder som følger:

- «Ei handling som ellers ville være straffbar, er lovlig når*
- a) Den blir foretatt for å redde liv, helse og eiendom eller en annen interesse fra en fare for skade som ikke kan avverges på annen rimelig måte, og*

---

<sup>44</sup> Fredriksen og Spurkland (2014) s. 29

<sup>45</sup> Fredriksen og Spurkland (2014) s. 32

<sup>46</sup> Augeland og Mæland (2016) s. 104

<sup>47</sup> Fredriksen (2016) s. 139

<sup>48</sup> Rolf. B. Wegner, *Strafferett – alminnelig del*, Drammen 2014, s. 47

<sup>49</sup> Kjell V Andorsen, *Strafferettslig nødrett*, Oslo 1999, s. 3

b) *Denne skade risikoen er langt større enn skaderisikoen ved handlingen.»*

Lovteksta inneheld ingen avgrensing for om handlinga som blir utført er å rekne som ei offentleg tenestehandling, eller om den er utført av private, og må derfor i utgangspunktet også kunne nyttast av politiet.

For at nødrett skal kunne nyttast er det eit vilkår at handlinga elles ville være straffbar.

Politiinstruksen §3-1 omhandla «alminnelige regler om politiinngrep» og slår blant anna fast at *«Ved iverksettelse og gjennomføring av en tjenestehandling, kan politiet gripe inn på den måte og med de midler som er lovlige, og som finnes nødvendige og forholdsmessige i betraktning av situasjonens alvor, tjenestehandlingens art og formål og omstendighetene for øvrig»*. Dette vil ikkje stå i vegen for at politiet kan nytte seg av nødretten då det kjem utrykkeleg fram i lovteksta at ei handling som oppfyller vilkåra for nødrett ikkje bere vil være straffefri, men også lovleg.

Nødrett er til forveksling lik Strl. §18 om nødverje. Medan nødretten er aktuell i ein kvar nødssituasjon, vil nødverjebestemminga avgrense seg til handlingar som blir gjennomført for å avverje eit ulovleg angrep. Det blir gjerne uttrykt at ved nødrett står rett mot rett, medan ved nødverje står rett mot urett. Sjølv om tenesteoppdragets mål kan være å avverje eit ulovleg angrep, vil det være nødrettsbestemminga som er aktuell innafor oppgåvas rammer, då det vil være snakk om inngrep som ikkje er retta mot angriperen, men mot ein tredje person som har rettmessige beskytta interesser i sitt framkomstmiddel.<sup>50</sup> Dette er i tråd med Høysteretts oppfatning i Rt.1979 s. 429 der følgande blir lagt til grunn: *«Etter straffelovens(1902) §48<sup>51</sup> annet ledd er det "nødverge når en ellers straffbar handling foretas til avvergelse av eller forsvar mot et rettsstridig angrep". Bestemmelsen må forstås slik at den bare gjelder tiltak som er rettet mot angriperen. Rettmessigheten av tiltak som settes i verk for å avverge angrep, og som ikke er rettet mot angriperen, må bedømmes etter nødrettsregelen i §47.»*

### 3.5.2 Nødrettssituasjonen

Ein nødrettssituasjon er ein *«nærmere beskrevet faresituasjon som gjerningspersonen befinner seg i»*<sup>52</sup>. Etter ordlyden i loven må denne situasjonen innebere ei fare for skade på liv, helse, eigendom eller anna interesse. Bruken av *«fare»* inneber at det vil være

---

<sup>50</sup> NOU 1992: 23 om Ny straffelov – alminnelige bestemmelser Straffelovkomisjonens delutredning V, pkt. 5.3

<sup>51</sup> Videreført som §18 i straffeloven 2005

<sup>52</sup> Fredriksen (2016) s. 142

tilstrekkeleg med ein risiko for skade. Fredriksen legger til grunn eit krav om at denne faren må være «*reell og nærliggende*» med utgangspunkt i Rt.1963.210 der føraren av ein verditransport blei frifunne for brot på parkeringsreglane med grunnlag i nødrettsbestemminga. Då gav blant anna omstenda uttrykk for det var ei «*reell og nærliggande*» fare for at føraren kunne bli rana dersom han ikkje hadde brote parkeringsreglane og parkert i større avstand frå banken.<sup>53</sup> Korleis skada har oppstått, eller kva den består av, vil etter gjeldande rett ikkje ha betyding for bruken av nødrett.<sup>54</sup>

Det er ikkje uttrykkt avgrensingar på kva interesser som kan vernast i lovteksta, men forarbeida til lova legg til grunn at interessa som skal vernast må være lovleg. Her er det rettsgodets art som vil være av betyding, uavhengig av om dette rettsgodet er tileigna på lovleg vis. Det vil seie medan eit kilo ulovleg kokain ikkje kan vernast ved bruk av nødrett, vil det derimot være moglegheit for å verne eit stjøle kunstverk, då kunstverket i seg sjølv objektivt sett reknast som lovleg. Det er utan betyding om interessene vernast på vegne av seg sjølv eller ein tredje person.

Eit ytterligare vilkår er at fara ikkje kan «*avverges på annen rimelig måte*» jf. bokstav a. Dette inneberer ei vurdering om der finst andre handlingsalternativ, og kor vidt desse vil være formålstenlege og forholdsmessige i den aktuelle situasjonen.<sup>55</sup> Står man ovanfor fleire tenelege redningsmiddel må ein gå for det middelet som inneberer det «*minste inngrepet i andres rettsområde*»<sup>56</sup>.

Fredriksen legg vekt på at det ikkje nødvendigvis treng å føreligge en nødrettssituasjon reint objektivt sett, men det er personens subjektive oppfatning av situasjonen som vil være gjeldande jf. Strl. §25, 1.ledd som slår fast at «*Enhver skal bedømmes etter sin oppfatning av den faktiske situasjonen på handlingstidspunktet*»<sup>57</sup>. Dette har ei sentral betyding for politiets bruk av nødrett i denne samanhengen då politiet ofte rykker ut på meldingar bassert på ei vurdering av den subjektive opplevinga til melder.

I dømet frå innleiinga fekk operasjonssentralen melding om at melder hadde observert det som såg ut som ein person ligge tilsynelatande livlaus på golvet, før hen hadde blitt låst ute frå staden av ein kjenning av politiet. Når patruljen kom til staden visste det seg at det som

---

<sup>53</sup> Fredriksen (2016) s. 143-144.

<sup>54</sup> Ot.prp. nr. 90(2003-2004) Om lov om straff (Straffeloven) s. 417.

<sup>55</sup> Matningsdal 2015, kommentarutgåve om straffelovens §17.

<sup>56</sup> NOU1992: 23 Ny straffelov – alminnelige bestemmelser Straffelovkomisjonens delutredning V, s. 90

<sup>57</sup> Fredriksen (2016) s. 139.

tilsynelatande kunne virke som ein nødssituasjon med fare for liv og helse ikkje var det, og det reint objektivt sett ikkje førelåg ein faktisk nødssituasjon.

### 3.5.3 Nødrettshandlinga.

Ei nødrettshandling er den handlinga ein person gjennomfører for å avverje fara frå ein nødrettssituasjon. Dette kan i teorien være snakk om ei kvar straffbar handling, då bestemminga ikkje stiller noko absolutt grense for kva handling det kan være snakk om, såframt ikkje *«annet er bestemt i eller i medhold av lov eller følger av tolking»* jf. Strl. §1. Lovgivar har lagt til grunn at det må heilt ekstraordinære situasjonar til før det kan tenkast å kunne nytte nødretten til å forsvare det å ta livet av eit anna menneske.<sup>58</sup>

Skaderisikoen som følge av nødrettssituasjonen skal være langt større enn skaderisikoen ved den eventuelle nødrettshandlinga. Dette kravet om forholdsmessighet kjem fram i §17, bokstav b. Sentrale moment i denne vurderinga er ei overtenking mellom den faregrad og skaderisikoen nødrettssituasjonen representerer, opp mot faregrad og skaderisiko ved den eventuelle nødrettshandlinga. Lovteksta stiller krav til at interesseovervekta i fordel til nødrettshandlinga skal være *«langt større»*. Det er lagt til grunn i forarbeida til loven at dette er eit noko strengare krav enn betydelig, men meir lempeleg enn *«Særdeles betydelig»* som var kravet til interesseovervekt i gamle §47 (Straffeloven 1902). Forarbeida til loven understreker også at utifrå ordlyden *«for å redde»* må det føreligge ein redningshensikt.<sup>59</sup>

### 3.6.4 Skadeerstatning

Det er sentralt å merke seg at sjølv om ei nødrettshandling er å rekne som lovleg og såleis ikkje rettsstridig vil ein ikkje være fritatt frå erstatningsansvar jf. skadeerstatningsloven<sup>60</sup> §1-4.

*«Skadevolder plikter å erstatte skade han lovlig har voldt for å avverge truende fare. Dette gjelder likevel ikke når skaden er voldt på person eller gjenstand som faren truet fra, med mindre skadevolderen selv er skyld i faren»*

Dette er grunngeve ved at ved ei nødrettshandling vil den skadelidte interesse være rettmessig, og det vil dermed være i strid med den allmenne rettskjensle at ein person som er

---

<sup>58</sup> Innst.O nr. 72(2004-2005) pkt. 13.2.1.1

<sup>59</sup> Ot.prp. nr.90(2003-2004) s. 418.

<sup>60</sup> Lov av 13. juni 1969 nr. 25 om Lov om skadeserstatning (skadeserstatningsloven)



utan skyld i hendinga skal måtte lide tap når hans interesser ofrast i kostnad av andre sine interesser, sjølv om dette er gjort i god hensikt.<sup>61</sup>

## 4.0 Avslutning

Vi har no sett på rammene for dei juridiske vurderingane rundt politiets bruk av sivile framkomstmiddel, og vil no rette desse inn mot problemstillinga.

I kraft av den alminnelege handlefridom kan politiet spørje sivile om dei kan få nytte det aktuelle framkomstmiddelet. Denne anledninga vil være avgrensa av Politiinstruksen §7-3, 2.ledd som gir retningslinjer for når politiet kan påkalle slik hjelp frå private. Det bør då reknast «*strengt nødvendig*» for å oppfylle minst eit av dei alternative vilkåra: «*gjennomføre en pågripelse*» «*oppklare et lovbrudd*», «*avverge angrep mot eller annen fare for person eller eiendom*». Etter ordlyden «*påkalle*» kan det tenkast situasjonar der det er privatpersonen som tek kontakt med politiet å tilbyr ein slik teneste, ikkje vil være regulert av denne bestemminga.

Politiet vil i dette tilfelle være avhengig av samtykke frå privatpersonen, og kan då bære nytte framkomstmiddelet innanfor dei rammene samtykke omfattar. Dette legg den nedre grensa for når politiet kan nytte sivile framkomstmiddel.

Der den alminnelege handlefridom blir avgrensa av legalitetsprinsippet og lex-superior prinsippet kan politiet under gitte vilkår påkalle nødrett som rettsgrunnlag for å nytte eit slikt framkomstmiddel. Dette krev ekstraordinære omstende. For at nødretten skal heimle slik bruk jf. Strl. §17 er det satt strenge vilkår, både til nødrettssituasjonen, og nødrettshandlinga. Det at politiet tek rådighet over eit sivilt framkomstmiddel vil i utgangspunktet være ei straffbar handling, då det i utgangspunktet ikkje finst heimel for dette, og framkomstmiddelet vil være beskytta av eigers rettigheter i sine formuesgode. Det må vidare være snakk om ein situasjon der liv, helse, eigendom eller andre interesser står i fare for ei skade, og denne skada skal ikkje kunne avverjast på ein annan rimelig måte.

Vurderinga for å klargjere om skada «*Ikke kan avverges på en annen rimelig måte*» vil være sentral ved politiets bruk av nødrett. Er man i ein større by, med mange politiresursar tilgjengelig over eit mindre geografisk område, kan det tenkast at det vil være vanskeligare å oppfylle dette vilkåret, enn for ei einsleg politipatrulje med eit stort geografisk virkeområde

---

<sup>61</sup> Fredriksen (2016) s. 143.

og lange avstandar til eventuell bistand. Situasjonens art vil også ha betydning i denne sammenhengen. Er det snakk om ein PLIVO<sup>62</sup> situasjon vil tid være ein såpass kritisk faktor at bruk av nødrett må kunne forsvarast sjølv om politiet bere sparer få minutt på å kome fram til staden. I andre situasjonar kan det derimot tenkast at tid vil være en mindre betydingsfull faktor, og at det å bestille ein taxi kan reknast som ein «rimelig måte».

Vidare må skaderisikoen i nødrettssituasjonen være langt større enn skaderisikoen ved nødrettshandlinga. Ein sentral del av vurderinga til skaderisikoen ved nødrettshandlinga vil være kva konsekvensar dette kan få for den/dei som eventuelt disponerte framkomstmiddelet i utgangspunktet. Her kan faktorar som årstid, vær, temperatur, tid på døgnet, stad, alder og helsetilstand være sentrale moment.

Uavhengig av framgangsmåte og rettsgrunnlag må politiet også alltid vurdere situasjonen opp mot pl. §6, og vurdere kor vidt framgangsmåten er nødvendig, forholdsmessig, og sakleg.

Utifrå drøftinga av problemstillinga kan eg konkludere med at det i utgangspunktet stillast strengje krav før politiet kan nytte sivile framkomstmiddel i si oppdragsløyning. Anledninga til å nytte sivile framkomstmiddel vil i hovudsak være avgrensa til situasjonar nemnt i politiinstruksen §7-3, 2.ledd i kombinasjon av samtykke, eller i situasjonar der vilkåra for nødrett jf. Strl. §17 er oppfylt.

## 5.0 Litteraturliste

### 5.1 Litteratur

Andenæs, Johs, *Norsk straffeprosess, bind 2*, (Oslo 2000)

Andorsen, Kjell V, *Strafferettslig nødrett* (Oslo 1999)

Auglend, Ragnar L. og Henry John Mæland , *Politirett*, 3. utgåve, (Oslo 2016)

Boe, Erik, *Oversikt over Forvaltningsretten*, (Oslo 1993)

Byrkjeland, M, *Den alminnelige handlefrihet som begrunnelse for politimetoder*.

(Masteroppgave). (Universitetet i Oslo 2018). Hentet fra

<https://www.duo.uio.no/bitstream/handle/10852/62614/537.pdf?sequence=5>

Edvindsen, Kjetil, *Ordenstjeneste* (Drammen 2016 )

Fredriksen, Steinar og Kai Spurkland, *Ordensjuss*, (Oslo 2014)

---

<sup>62</sup> Situasjon med pågåande livstruande vold.

Fredriksen, Steinar, *Lovbrudd, skyld og straff: Hovedlinjer i alminnelig strafferett* (Oslo 2016)

Graver, Hans Petter, *Alminnelig Forvaltningsrett* (Oslo 1999)

Haugeland, Geir S, (2016, 21. september). *Kommentar til straffeprosessloven*. Hentet i norsk lovkommentar, april 2019, fra [www.rettsdata.no](http://www.rettsdata.no)

Hopsnes, Roald og Solberg, Raymond, *Legalitetsprinsippet, jussens venner*, (2005) hentet fra: <https://www.idunn.no/jv/2005/02/legalitetsprinsippet>

Kierulf, Anine (2018, 21. desember). *Kommentar til grunnloven*. Hentet i norsk lovkommentar, februar 2019, fra [www.rettsdata.no](http://www.rettsdata.no)

Matningsdal, Magnus, *Straffeloven 2005. Alminnelige bestemmelser, kommentarutgave*, (Oslo 2015). Digital utgave hentet fra [kommentarutgaver.no](http://kommentarutgaver.no) 13.03.2019

Myhrer, Tor-Geir, *Kommentar til politiloven*. Hentet i norsk lovkommentar, april 2019, fra [www.rettsdata.no](http://www.rettsdata.no)

Risan, Patrick og Tom Hilding Skoglund, *Psykologi i operativ tjeneste – stress og psykisk lidelse*, (Oslo 2013)

Wegner, Rolf. B, *Strafferett – alminnelig del* (Drammen 2014)

## 5.2 Lover og forskrifter:

1814	Lov 17. mai 1814 om Kongeriket Noregs grunnlov (Grunnlova)
1902	Lov 22.mai 1902 om Almindelig borgerlig Straffelov (Straffeloven 1902)
1969	Lov av 13. juni 1969 nr. 25 om Lov om skadeserstatning (skadeserstatningsloven)
1990	Forskrift 22.juni 1990 nr: 3962 om Politiets alminnelige tjenesteinstruks (politiinstruksen)
1995	Lov 4. august 1995 nr. 53 om Lov om politiet (Politiloven)
1999	Lov 21.mai 1999 nr.30 om Lov av styrking av menneskerettighetenes stilling i norsk rett(menneskerettsloven)
2005	Lov 20.mai 2005 om Lov om straff (Straffeloven)

### 5.3 Domsregister:

Norsk Retstidende:

Rt. 1963 s.210

Rt. 1979 s.429

Rt. 2004 s.849

Rt. 2010 s.612

### 5.4 Offentlige dokument:

NOU 2012: 14 Rapport fra 22.juli-kommisjonen

NOU2004: 6 Mellom effektivitet og personvern: Politimetoder i forebyggende øyemed

NOU1992: 23 Ny straffelov – alminnelige bestemmelser Straffelovskommisjonens delutredning V

Ot.prp. nr.22 (1994-1995) Om lov om politiet (Politolven)

Ot.prp. nr.90 (2003-2004) Om lov om straff (Straffeloven)

Innst. O. Nr. 72 (2004-2005) Innstilling fra justiskomiteen om lov om straff (straffeloven)

Dokument 16 (2011-2012) Rapport til Stortingets presidentskap fra  
Menneskerettighetsutvalget om menneskerettigheter i Grunnloven